## Helgheim prioritert for spelemidlar

15.03.2011

**Komiteen for oppvekst, kultur og idrett har no prioritert søknadane om spelemidlaar til lokale kulturbygg for dette året og slutta seg samrøystes til innstillinga frå rådmannen.**

Det batyr at Helgheim er på tredjeplass etter Speidarhuset på Halsnøy og bedehuset i Høylandsbygd, men foran kulturskulesenteret og fleirbruks kultursal ved Baroniet. Dei to eom er foran Helgheim er prioritert først fordi dei har søkt før.

I Helgheim skal det setjast inn nytt kjøken og installerast nytt elektrisk anlegg for 460.00 kroner og det er søkt om 140.000 i spelemidlar
Det er gode sjansar for at Helgheim får heile summen i ein gong, meiner rådmannen.
.